



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Eyvin Søltnæs
Telefon: 57643135
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato
22.04.2015
Dykkar dato
17.02.2015

Vår referanse
2015/683 - 431
Dykkar referanse
201402965-4

Noregs vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

Fråsegn til søknad frå Osland Settefisk AS om løyve til uttak av vatn frå Søreboelva og Vetleelva i Høyanger kommune

Vi viser til oversendinga datert 17.2.2015 og til e-posten der fristen vart utsett til 22.4.2015.

Fylkesmannen meiner det konsesjonssøkte vassuttaket til Osland Settefisk AS vil få negative konsekvensar for anadrom fisk i Søreboelva, ved at redusert lågvassføring vil forsterke ein naturleg flaskehals i ungfiskproduksjonen.

NVE bør vurdere i kva grad dei skisserte vassparande tiltaka i søknaden kan redusere vassuttaket i lågvassperiodar, og om søknaden er i samsvar med kravet til best tilgjengeleg teknologi. I ein konsesjon bør det stillast krav til minstevassføring minst på nivå med alminneleg lågvassføring, og takast inn standard naturforvaltningsvilkår.

Ny informasjon tyder på at anadrom fisk tidlegare kunne vandre om lag 300 m lengre opp i elva enn dagens vandringshinder. Ved etableringa av vassinntaket til settefiskanlegget vart det etablert ei sperre, og dette hinderet må fjernast eller utbetrast slik at fisk kan passere.

Bakgrunn

Osland Settefisk AS søker om å få ta ut vatn frå Søreboelva og å bruke Vetleelva som supplerande vasskjelde. Det er tidlegare gjeve konsesjonsfritak til vassuttak for ein produksjon på 2,5 millionar smolt årleg. Det er no søkt om konsesjon for uttak av inntil 0,58 m³/s vatn til å produsere inntil 5 millionar smolt årleg. Vassuttaka reduserer vassføringa på 220 m elvestrekning i Søreboelva og 70 m i Vetleelva. Eit stort delfelt av Søreboelva (27%) er overført til kraftanlegg. Settefiskanlegget bidreg til verdiskaping og lokal sysselsetting.

Vassuttak i høve til vassføringsdata oppgjeve i søknaden:

Vassuttak (%)	Middel- vassføring	Al. låg- vassføring	5-pers. sommar	5-pers. vinter
Søreboelva	50	1184	879	1184

Fylkesmannen skal vurdere om kjende allmenne interesser som naturmiljø og friluftsliv kan verte råka, og i tillegg vurdere tiltaket etter lakse- og innlandsfisklova og ureiningslova. Vidare legg vi vekt på prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova og vassforskrifta.

Vurdering

Søreboelva er gyte- og oppvekstelv for sjøaure, og det er også registrert litt laks i vassdraget. Elva bidreg til populasjonen av sjøaure i Øystrebøvatnet og i Sognefjorden, og til fritidsfiske i området.

Noreg har eit spesielt internasjonalt ansvar for å oppretthalde levedyktige bestander av anadrome laksefisk. Bestandane av laks og sjøaure er hardt pressa av fleire årsakar i elve- og sjøfasen, og det er viktig å ta vare på og eventuelt betre gyte- og oppveksttilhøva i vassdraga.

Det er ikkje undersøkt i kva grad den reduserte vassføringa påverkar fiskeproduksjonen, men det er vel kjent at lågvassperiodar kan vere kritiske flaskehalsar i lakse- og sjøaurevassdrag. Redusert vassdekt areal og redusert vassvolum kan føre til at fisk strandar, eller vert lettare fanga av fiskeetarar. I tillegg til fisk vil også andre vasstilknytte artar verte negativt påverka av det auka vassuttaket. Effekten vil kome i tillegg til dei allereie negative verknadene av overføringa til kraftproduksjon og det konsesjonsfritekne uttaket til settefiskanlegget.

Det planlagde uttaket utgjør 50% av middelvassføringa, og er svært høgt samanlikna med lågvassverdiane. Det er planlagt å sleppe minstevassføring som utgjør 45% av alminneleg lågvassføring for vassdraget i regulert tilstand (etter at 27% av nedslagsfeltet er overført til kraftproduksjon). Vi vil nemne at det for nye konsesjonar til vasskraft vil vere heilt uaktuelt å sette vilkår om lågare minstevassføring enn alminneleg lågvassføring, og at det er vanleg med krav om 5-persentilnivå differensiert for sommar og vinter om viktige allmenne interesser vert negativt påverka.

Den negative effekten av vassuttaket vil verte mindre om uttaket vert redusert i lågvassperiodar, og om det vert sett krav om høgare minstevassføring enn det er planlagt. I mangel av meir spesifikk kunnskap om vassdekt areal og vassvolum ved ulike vassføringar, vil vi tilrå at kravet vert minst på nivå med alminneleg lågvassføring i uregulert tilstand.

Det er skissert nokre vassparande tiltak i søknaden, mellom anna resirkulering av vatn og bruk av UV-handsama brakkvatn. Det konsesjonssøkte vassuttaket er likevel høgt samanlikna med anlegg med fullverdig moderne resirkuleringsteknologi. NVE bør vurdere om søknaden er i samsvar med krav til best tilgjengeleg teknologi, og om det er mogleg å redusere vassbehovet ytterlegare. I ei anna konsesjonssak i eit anadromt vassdrag, skriv NVE: «*Erfaringsmessig vert det søkt om ein smoltproduksjon på 4 mill. stk. per 1 m³/min ved fullverdig moderne resirkuleringsteknologi*» ([NVE KI-notat nr. 11/2013](#)). For Osland Settefisk AS er det søkt om å produsere 0,14 mill. stk. per 1 m³ vatn/min.

Sjøaure kan vandre opp i Søreboelva til eit hinder om lag 110 m frå elveosen. I eit høyringsspel frå grunneigar Geir Sørebo går det fram at sjøaure tidlegare kunne vandre om lag 300 m lengre opp i elva, til eit gyteområde kalla Aurehyljane. Fiskeoppgangen vart truleg redusert på grunn av lågare vassføring etter overføringa av øvre delar av nedbørfeltet til kraftproduksjon i Matre. Vidare vart det etablert ei sperre då vassinntaket til settefiskanlegget vart bygt, og dette har redusert den anadrome strekninga med nær 300 meter. Denne lokale og erfaringsbaserte kunnskapen er også omtalt i søknaden, men har ikkje har vore kjend for oss tidlegare.

Ål finst truleg også vassdraget, men dette er ikkje undersøkt. Ål er på raudlista og er kategorisert som kritisk truga. Fylkesmannen vurderer ut frå fagleg skjønn at eit slikt vassdrag har verdi for ål. Det bør vurderast om demninga er eit vandringshinder for ål, og om det er trong for eller kan setjast i verk tiltak for å betre tilhøve for ål i vassdraget.

Etter det vi kan sjå har etableringa av nytt hinder skjedd gjennom uheimla praksis, og ikkje vore vurdert etter vassressurslova eller lakse- og innlandsfisklova. Vidare har [Vassforskrifta](#) som mål at alle vassførekomstar i Noreg skal ha minimum «god økologisk tilstand». Den økologiske tilstanden i Søreboelva er vurdert til å vere «moderat». Vassforskrifta opnar ikkje for at det kan utførast tiltak som gjer at tilstanden vert dårlegare, med mindre det kan være grunnlag for unntak i tråd med § 12. Ved større inngrep eller påverknadar som ikkje er

mogleg å tilbake stille, er det mogleg å klassifisere vassførekomsten til «sterkt modifisert» etter § 5). For slike vassførekomstar er det ikkje mogleg å nå god økologisk tilstand, men det skal likevel gjerast tiltak for å nå eit godt økologisk potensial. Vandringsveg for fisk er eit hydromorfologisk kvalitetselement, og for å nå målet om eit godt fungerande økosystem, er det eit minstekrav til vandring. For at Sørebbøelva skal oppnå god økologisk tilstand, må det mellom anna opnast for vandring av anadrom fisk opp til det naturlege vandringshinderet.

Vi kjenner ikkje til om Vettleelva kan ha verdi for fisk. Dersom Vettleelva har årssikker vassføring, bør det fastsetjast ei minstevassføring på nivå med alminneleg lågvassføring også for denne elva.

Det er fleire prioriterte naturtypar ved Øystrebøvatnet, også med verdi «svært viktig». Det sørlege inntaket ligg i kanten av eitt av desse områda. Så langt vi kan sjå vil utvidinga av settefiskanlegget ikkje påverke lokalitetane, dersom tiltak ved det sørlege vassinntaket vert gjort med nødvendige omsyn. Vi ber likevel NVE om å sikre at det vert teke omsyn til desse naturverdiane i detaljplanlegginga dersom det vert gjeve konsesjon.

Konklusjon

Fylkesmannen har vurdert at det konsesjonssøkte vassuttaket til Osland Settefisk AS vil få negative konsekvensar for produksjonen av sjøaure i Sørebbøelva, ved at redusert lågvassføring vil forsterke ein naturleg flaskehals i ungfiskproduksjonen.

NVE bør vurdere i kva grad dei skisserte vassparande tiltaka i søknaden kan redusere vassuttaket i lågvassperiodar, og om søknaden er i samsvar med kravet til best tilgjengeleg teknologi. I ein eventuell konsesjon bør det stillast krav til minstevassføring minst på nivå med alminneleg lågvassføring (i uregulert tilstand), og takast inn standard naturforvaltningsvilkår.

Vidare ser det ut til å ha vore etablert eit kunstig vandringshinder, som ikkje har vore handsama etter vassressurslova eller lov om laksefisk og innlandsfisk. Dette hinderet har i stor grad redusert vandringsstrekninga frå Øystrebøvatnet, og dermed produksjonen av androm fisk i Sørebbøelva. Det er ikkje undersøkt om dette vandringshinderet også stenger for oppvandring av ålelarvar i vassdraget. Vandringshinderet må fjernast eller utbetrast slik at fisk kan passere.

Med helsing

John Anton Gladsø
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Høyanger kommune
Miljødirektoratet